



SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	Arkiv:	ArkivsakID
Ann Kristin Bolstad		23/139

RULLERANDE OPPTAK I BARNEHAGANE I VAKSDAL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune held fram med eitt hovudopptak og supplerande opptak ved ledige plassar gjennom året.

Saksopplysningar:

Kort om saka

Vaksdal kommune praktisera i dag eitt hovudopptak i året, og det er 1. mars kvart år Søkjarar som søker etter denne fristen vert tildelt plassar løpande, så lenge det finst ledige plassar. Det er mogeleg å innføra fleire opptak i året, men talet barnehageplassar som vert tildelt i hovudopptaket må då reduserast slik at det er ledige plassar gjennom året, eller bemanninga gjennom året må aukast. Begge deler vil krevja styrking av ressursar til barnehagane for å dekkja opp anten tapt foreldrebetaling fordi plasser står ledige eller auka lønsutgifter ved nytilsetting i forhold til rammene slik dei er idag.

Heimel

KS 86/2022 «Kommunestyret ber administrasjonen innan 1. mars kome med sak om rullerande (fortløpande) eller fleire opptak i barnehagane. Saka skal innehalde konsekvensar for økonomi og personal. Målet er å kunne tilby barnehageplassar heile året og ta godt imot flyktningar som treng barnehageplass.»

Bakgrunn for saka

Vaksdal kommune praktisera eitt hovudopptak i året, og supplerande opptak til plassar som vert ledige i løpet av året. Kommunen har plikt til å ha tilstrekkeleg tal barnehageplassar i forhold til talet barn som er busett i kommunen. Dette er ei ordning som òg vert praktisert i dei fleste andre kommunar.

Rett til barnehageplass

Barnehagelova § 10 skildra kommunen si plikt til å tilby barnehageplassar. Kommunen har plikt til å tilby plass i barnehage til barn under opplæringspliktig alder som er busett i kommunen, jf. § 16. Utbyggingsmønster og driftsform skal tilpassast lokale forhold og behov.

Barnehagelova §16 om rett til plass i barnehage

Barn som fyller eitt år seinast innan utgangen av august det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage frå august i samsvar med denne lova med forskrift.

Barn som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har etter søknad rett til å få plass i barnehage innan utgangen av den månaden barnet fyller eitt år i samsvar med denne lova med forskrift.

Barnet har rett til plass i barnehage i den kommunen det er busett. Søknadsfrist til opptaket vert fastsett av kommunen.

Som det går fram av lovtekstane over er det opp til kommunen å fastsetja søknadsfrist for barnehageopptak. Ein frist for opptak vil vera styrande for kva rettigheter foreldre har til å klage om dei ikkje får tildelt den plassen dei søker om. Tildeling av barnehageplass er ikkje eit enkeltvedtak etter forvaltningslova. Foreldre som ikkje får innvilga førstevalet sitt har rett til å klage på opptaket, og til å stå på venteliste til ein plass i den barnehagen dei har søkt som førsteval når dei har søkt innan den kommunalt sette fristen.

Bemanningsnormer

Departementet har vedtatt pedagog- og bemanningsnormen for barnehagar, og den styrer kor mange barn ein barnehage kan ta opp i forhold til tal tilsette. Ein pedagog kan ha ansvar for maksimalt 7 barn under tre år eller 14 barn over tre år. Bemanningsnorma seier det skal det vera minimum 1 tilsett per 3 barn under tre år og 1 tilsett per seks barn over tre år.

Barnehagane er i tillegg avgrensa til det godkjente leike- og opphaldsarealet i forhold til det talet barn dei kan ta inn. Vaksdal kommune har valt å følgja den tilrådde norma for areal frå departementet.

Barnehageopptak slik det er i Vaksdal idag

I barnehagane vert det flest barnehageplassar fristilt når det eldste årskullet startar på skulen. Desse plassane vert ledige frå 1. august kvart år. Vaksdal kommune praktisera eitt hovudopptak med søknadsfrist 1. mars. Kommunen har kvart år klart å gje tilbod til alle søkerar som har søkt innan fristen og har rett på plass.

Barn som søker utanfor fristen vert tatt opp i barnehagane så langt det er ledige plassar gjennom året, ofte kalla løpande opptak eller suppleringsopptak. Desse plassane vert fristilt ved at andre barn sluttar eller at barnehagen ikkje har fylt opp med barn i forhold til tal tilsette.

Dei siste åra har det vore noko ledig kapasitet i nokre av barnehagane og dei som har søkt om plass utanom hovudopptaket har stort sett fått plass. Busette flyktningar med barn i barnehagealder har i 2022 fått barnehageplass, på lik linje med andre tilflyttarar.

For å kunne fortsetje praksisen med supplerande opptak når ein skal busetje 40 flyktningar i 2023 har eining barnehage lyst ut ei ekstra pedagogstilling. Kostnaden til denne auka bemanninga vert dekkja av tilskot frå staten knytt til mottak av flyktningar. Dette vil sjølvstendig andre tilflyttarar òg nytte godt av.

Fleire opptak i året

Fleire barnehageopptak i året føreset at kommunen har barnehageplassar som står ledig delar av året for å kunne verta gitt til dei som søker. Bemannings- og pedagognorma set grenser for kor mange barn ein tilsett kan ha ansvar for, og godkjent areal set grenser for kor mange barn ein barnehage kan ta inn. Det er ikkje enkelt å rekruttera nye pedagoger midt i barnehageåret, noko som vil vera behovet ved fleire opptak. Det kan by på ei økonomisk utfordring, anten ein må rekruttera og tilsette fagpersonar midt i barnehageåret eller ein går delar av året med full bemanning utan at det er barn til stades. Det siste kan vera med på å styrkja grunnbemanninga ut over normkrava den delen av året det manglar barn, men vil føra til auka utgifter.

Lovverk

Som vist tidligare i saka har kommunen mogelegheit til å endra opptaksordninga. Ei endring av tal opptak eller tidsrom for opptak til barnehagar vil krevja ei endring i vedtektene for dei kommunale barnehagane.

Kva gjer andre kommunar

Mange kommunar praktisera eitt hovudopptak i året, i tillegg gjev dei plassar ved løpande opptak når det vert ledige plasser gjennom året. Dette er samme ordning som Vaksdal har i dag. Hovudgrunngevinga for å halde på eitt hovudopptak i året er at det er til skulestart at barnehageplassar i hovudsak vert ledige. Samstundes er det eit ynskje om at barnegruppene er mest mogeleg stabile gjennom året for å sikra samhald og etablering av vennskap mellom barna. Det er stor variasjon mellom kommunane i kor lang tid det går frå foreldra søker til dei vert tildelt plass utanom hovudopptaket.

Vurdering og konsekvensar

Kommunedirektøren vurderer at ein løpande søknadsfrist vil gje alle søkerar rett til plass uavhengig av når på året det vert søkt. Ved å fastsetje to eller fleire søknadsfristar i året vil fleire få rett til plass, noko som vil utfordra kapasiteten i barnehagane kontinuerleg. Det vil vera krevjande for kommunen å sikra at denne retten vert oppfylt og det vil krevja meir administrasjon enn med systemet vi har idag med ein søknadsfrist i året. Kommunen er ansvarleg for at barnehagen gjer opptak i samsvar til vedtekta si og at førerett til plass vert tatt i vare. Med eit løpande opptak vil dette vera ei kontinuerleg oppgåve for administrasjonen og tilsynsmyndigheita å sikra at dette skjer riktig. I tillegg vil det krevja meir administrasjon av den enkelte barnehagestyrar.

Med tanke på tilbod til innbyggjarane vil det vera ein fordel å kunne tilby barnehageplass uansett når på året ein familie kjem flyttande eller får behov for barnehageplass. Det vil vera med på å bidra til at kommunen er attraktiv for småbarnsfamiliar. Det er imidlertid ikkje ynskjeleg at dette aukar kostnadane til drift av barnehagane.

Det totale tal plassar i barnehagane vert uendra, men tidspunktet for oppstart vil verta forskyvd for fleire barn. Barnehagane vil få lågare inntekt gjennom foreldrebetalinga og auka utgiftene til løn. Med tanke på effektiv og god ressursbruk meiner kommunedirektøren at dette ikkje vil gje best utnytting av kommunen sine ressursar.

Ved fleire opptak i året vil det krevja større administrative ressursar å gjennomføra, både i kommuneadministrasjonen og i den enkelte barnehage. Det vil vera innkjøringsperiodar heile året, det skal gjennomførast ulike typer samtalar til oppstart og det vil vera barn som ikkje har deltatt i oppstarten av ulike tema og fordjupningar som må setjast inn i hending- og opplevingsløpet. For barn kan det vera krevjande å finne plassen sin i ei etablert barnegruppe, og det vil krevja tett oppfølging av voksne å få dette til på ein god måte.

Økonomiske konsekvenser

Endringar i opptaket til barnehage vil ha ein økonomisk konsekvens. Det vil bety auka bemanning i barnehagane, og med det auka lønnsutgifter, samstundes som inntekten ved foreldrebetaling vil gå ned. Det er ikkje mogeleg å stipulera kva den auka kostnaden eller den tapte inntekta vil verta. Det vil henge saman med når den enkelte plass vil verta nytta og kor mange plassar som vert ståande ubrukte gjennom året.

Ei ordning kor enkeltplasser eller ei heil avdeling går tom delar av året vil auka utgiftene til barnehagen. Barnehagane får i dag budsjett etter kor mange barn dei til ei kvar tid har inne. Bemanninga i ein slik beredskap som skildra over må vera på plass uavhengig av barnetalet. Eitt barn under tre år som vert tatt inn i ein barnehage kor det må tilsetjast ein pedagog i 100 % stilling og tilstrekkeleg assistent vil kosta om lag 1,4 millionar per år. Avhengig av barna sin alder kan to tilsette

(ein pedagog og ein assistent) ha ansvar for 6 små eller 12 store barn, noko som kan gje fleire barn plass om ein klarer å rekruttera pedagogiske bemanning midt i eit driftsår. For å ha tilstrekkeleg bemanning i åpningstida vil det vera behov for ytterlegare ein tilsett assistent, men her må ein sjå på bemanninga i helie barnehagen under eitt for å finne det eksakte behovet.

Kommunedirektøren tilrår at Vaksdal kommune held fram med eitt hovudopptak i året og supplerande opptak ved ledige plassar gjennom året. Kommunedirektøren vurderer at innføring av fleire opptak i året eller løpande opptak vil krevja auke i ressursar i barnehagane og auka dei administrative oppgåvene. Om modellen for opptak i kommunale barnehagar skal endrast, er det føremålstenleg å gjera i samanheng med vedtak i handling- og økonomiplanen 2024-2027.